

Dokument	Vedlegg 1C-1
Tittel	Påkravsgaranti heile periode
Kontraktsreferanse	SKYSS/26/53
Sider	3

GARANTIERKLÆRING
PÅKRAVSGARANTI

GARANTISTEN stiller seg ved underteikning av dette dokumentet som påkravsgarantist for dei kontraktpliktane som OPERATØREN/HOVED**DEBITOR** har overfor OPPDRAGSGJEVAR/ BENEFISIANTEN i samsvar med Kontrakt:

[*sett inn referanse*]

Signert dato: ...../.....

Namn: [*sett inn namn / referanse*]

GARANTISTEN	Namn:
Organisasjonsnummer:	
OPERATØREN/ HOVED**DEBITOR**	Namn:
Organisasjonsnummer:	

BENEFISIANTEN	Vestland fylkeskommune v/ Skyss
Organisasjonsnummer:	

Garantien gjeld for HOVED**DEBITOR** sine kontraktplikter til ein kvar tid med tillegg av renter, forseinkingsrenter og inndrivingskostnader ved misleghald.

Garantistens maksimale samla ansvar overfor BENEFISIANTEN i hele garantiperioden er oppad avgrensa til NOK 30 000 000 (30 MNOK).

GARANTISTEN pliktar ved påkrav frå BENEFISIANTEN utan føregåande fullmakt, samtykke eller instruksjon frå HOVED**DEBITOR** å utbetale det beløp som er oppgitt i påkravet til den konto som er spesifisert i påkravet frå BENEFISIANTEN. Betaling skal skje innan 10 dager etter påkrav ble mottatt.

Det er ingen grense for kor mange krav som kan setjast fram under garantien.

Påkrav skal setjast fram skriftleg eller elektronisk, oppgi beløp og det forhold som BENEFISIANTEN meiner utgjer aktuelt misleghald, utan øvrige krav.

Garantien er en påkravsgaranti. Dette inneber at GARANTISTEN ikkje kan motrekne eller halde tilbake betaling på grunnlag av motkrav og/eller innsigingar som HOVED**DEBITOR** og/eller GARANTISTEN meiner å ha mot BENEFISIANTEN. GARANTISTEN kan ikkje krevje at BENEFISIANTEN skal ha prøvd å drive inn

kravet hos HOVED**DEBITOR** eller hos andre – under dette ein annan garantist eller under annan sikkerheit – før påkrav blir sett fram ovanfor GARANTISTEN.

GARANTISTEN sitt ansvar består fullt ut inntil alle pliktene HOVED**DEBITOR** har ovanfor BENEFISIANTEN er innfridd.

Garantien gjeld frå 3 veker etter Kontrakten er signert til 6 mnd etter Kontraktens utløp (01.12.2045). GARANTISTEN frå sier seg ein kvar rett til å bli informert om eventuelle endringar i Kontrakten. Endringar i Kontrakten reduserar ikkje GARANTISTEN sitt ansvar under denne garantien.

Garantien gjeld, og påkrav kan setjast fram, til 6 månader etter at Kontrakten er opphørt, hvoretter garantien termineres automatisk.

Garantien kan ikkje transporterast utan GARANTISTEN sitt skriftlege samtykke, med unntak av overdraging til eit anna offentleg selskap eller offentleg organ som tek i vare og vidareførar BENEFISIANTEN sine rettigheiter og pliktar etter Kontrakten.

Garantien er underlagt norsk rett, med Hordaland tingrett som verneting.

…….……. ……

stad/dato signering / stempel